



Norddal kommune



Stordal kommune

Fellesnemnda for ny kommune

Ark. 082, Jp.id 18/1883, sakshandsamar: HIDY

Godtgjerslereglement - revidering av vedteke reglement, og omgjerung av tidlegare vedtak - utsett sak

Saksnr	Utval	Møtedato
19/18	Fellesnemnda	13.03.2018

Tidlegare utsendte saksdokument:

Reglement for godtgjersle, revidert 12.12.17 – Fjord kommune

Brev av 11.12.2017 og 09.02.2018 frå HVO Norddal, A.Kokot

Tidlegare utsendt saker 08/18 og sak nr 05 - 21.11.17

Arbeidsutvalet si innstilling:

1. Fellesnemnda gjer om inkje vedtak av 19.12.17 sak 06 om inntil ei dagslønn per månad for hovudverneomboda i prosjektperioden, og godtgjersle for arbeid i prosjektperioden vert i høve vedteke godtgjerslereglement.
2. Fellesnemnda understrekar at det vert gitt møtegoddggersle der det ikkje vert sett inn vikar.
3. Fellesnemnda vedtekt at medlemmar i fellesnemnda eller politiske arbeidsgrupper som ikkje krev tapt arbeidsforteneste, kan søkje om eit maksbeløp for ulegitimert tap av arbeidsforteneste på inntil kr 1600 per dag.
4. Fellesnemnda sine vedtak om godtgjersle geld frå november 2017 og til prosettet vert avslutta.

Ein viser og til punkt i Hovedavtalen del B§3-4, 4.ledd «Rett til fri frå ordinært arbeid-tillitsvalte sin rett til tenestefri for å utføre sine oppgåver»

Saksopplysningar (NY)

Godtgjerslereglement vart lagt fram fyrste gong i fellesnemnda 21.11.2017. Forslag til reglement for godtgjersle og frikjøp vart delt ut i møtet og teke opp til drøfting. Det vart drøfta ulike løysingar for godtgjersle, der ein kunden gje eit generelt tillegg i løna, eller ein kunden gje ei godtgjersle per møte. Ein var i fellesnemnda samde om at det er stort arbeidspress for dei aller fleste i organisasjonane våre. At ein då såg nærmare på møtegoddggersla og likestillte denne for politiske og administrative grupper var det einigheit om.

Hovedavtalen gir og føringar en ikkje kan vike for, og reglement skal vere i tråd med arbeidsmiljølova og andre gjeldande lover. Dette er svært aktuelt for turnusarbeidande som er den største gruppa tilsette.

Vedtak i sak 05-21.11.17 lydde slik:

- *«Fellesnemnda vedtek ei møtgodtgjersle for møta i fellesnemnda på kr.800,- pr. møte.*
- *Fellesnemnda vedtek å auke godtgjersla frå 400 for arbeidsgruppene, og 500 for dei politiske gruppene til 600 for alle arbeidsgruppene.*
- *Ein vedtek vidare å endre «skyss og kostgodtgjersle» til reisegodtgjersle i dokumentet».*

Dette var då ein auke i godtgjersla for arbeidsgruppene og dei politiske arbeidsgruppene, medan fellesnemnda vart vedteken etter instillinga frå AU. Det vart helde fast ved prinsippet for HTV og HVO med at arbeidet skal ligge innanfor normal arbeidstid. Eit spørsmål knytt til permisjonar og inkallingar til møter der det ikkje vert sett inn vikar er noko ein må gjere tydelegare avklaringar på.

Etter vedtaket 21.11 kom det inn brev til Norddal kommune med søknad om frikjøp for HVO. Dette gjorde at ein i fellesnemnda sak 06 - 19.12.17 behandla forslag til frikjøp av hovudverneomboda(HVO).

Søknad om funksjonstillegg var sendt Norddal kommune datert 11.12.17 . Då søknaden i stor grad omhandla ekstra arbeid knytt til kommunereform , vart søknaden behandla i fellesnemnda. Det kan i etterkant vurderast om det var rett å behandle søknaden der, eller om dei skulle vore handsama i dei eksisterande kommunane.

Fellesnemnda vedtok 19.12 2017 å gje inntil ei dagslønn per måned i godtgjersle i prosjektperioden, noko som utgjer om lag 17 000 per år.

I fellesnemndsmøtet 25.1.18 under sak 03 og 04 vart det i samband med heildagssamling og oppretting av arbeidsgrupper/prosjektgruppe for kulturbygging drøfta om godtgjerslereglementet generelt er tydeleg nok og kan forståast av dei som skal nytte det. Samtidig vart det stillt spørsmål om godtgjersla for dei politisk valde som sit i fellesnemnda er for lav, samanlikna med øvrige godtgjersler i reglementet. Godtgjersla som vart vedteken til HVO vart etter vurdering i fellesnemnda sett på som for høg, samalikna med andre godtgjersler- og dei ber AU vurdere dette på nytt.

AU legg fram ei ny saksutgreiing til møtet i februar, der innstillinga er å forhalde seg til reglement for godtgjersle som er vedteke i *sak 05 19/12.2017*.

Arbeidsutvalet si innstilling til møte 13.2.2018

1. Fellesnemnda gjer om inkje vedtak av 19.12.17 sak 06 om inntil ei dagslønn per måned for hovudverneomboda i prosjektperioden, og godtgjersle for arbeid i prosjektperioden vert i høve vedteke godtgjerslereglement.

2. Medlemmar i fellesnemnda eller politiske arbeidsgrupper som ikkje krev tapt arbeidsforteneste, kan søkje om eit maksbeløp på kr 1600 per dag.

3. Godtgjerslene gjeld med verknad frå kickoff/ oppstartsmøte 28.11.17 og ut desember 2019.

Som ein ser av saka omhandla den også andre godtgjersler. Det var sett fram forslag om ei maksgrese for ulegtimert fråvær som ein ser av punkt 2 framlegg til vedtak 13.2.2018. Dette galdt godtgjersle for medlemmar i fellesnemnda eller politiske arbeidsgrupper som ikkje krev tapt arbeidsforteneste. Det vart vist til punkt om godtgjersle i reglement for Norddal og

Stordal kommunar, og innstillinga var å supplere med eit tilsvarande og oppjustert maksbeløp på kr 1600 per dag i reglementet for godtgjersele for Fjord kommune.

Det vart i møtet 13.2.2018 drøfta ulike løysingar for godtgjersle, men ein valte å utsetje saka og innhente fleire opplysningar før ein konkluderar.
Saka vart så samrøystes sendt attende til AU.

AU handsama saka 28.2 og kjem med ny innstilling til fellesnemnda.